

Nord-Fron kommune

Politisk sak

Kommunedelplan for Vinstra - forslag til planprogram

Utval	Saksnr	Møtedato
Utval for miljø, landbruk og areal (MLA)	21/23	01.03.2023

Saksbehandler	Journalpost
Hanne-Kristine Risdal	23/4702

Vedlegg:

Forslag til planprogram - kommunedelplan Vinstra
Kartutsnitt - forslag til plangrense
Utsnitt kommuneplanens arealdel med forslag til avgrensing

Kommunedirektøren legg fram for utval for miljø, landbruk og areal slik

Innstilling:

I medhald av plan- og bygningslova §11-13, 1. ledd vedtek Utval for miljø, landbruk og areal å leggje forslag til planprogram for **kommunedelplan for Vinstra** ut til høyring og offentleg ettersyn i minimum 6 veker.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i forslag til planprogram.

Utval for miljø, landbruk og areal (MLA) 01.03.2023

Behandling i møte:

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 6 stemmer (100%) - AP 4, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

MLA - 21/23 Vedtak

I medhald av plan- og bygningslova §11-13, 1. ledd vedtek Utval for miljø, landbruk og areal å leggje forslag til planprogram for **kommunedelplan for Vinstra** ut til høyring og offentleg ettersyn i minimum 6 veker.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i forslag til planprogram.

Bakgrunn for saka:

I planstrategien vedteke av kommunestyret i desember 2022 går det fram at kommunen skal utarbeide ein *kommunedelplan* for Vinstra. Dette som oppfølging av endeleg behandling av kommuneplanens arealdel 2018-2029, der kommunestyret vedtok at det skulle setjast i gang arbeid med ein kommunedelplan for Vinstra. Planen skal følgje opp- og ha fokus på mål og strategiar frå

tettstadprosjektet Vinstra 2046.

Ein kommunedelplan er eit avgrensa geografisk område, som på lik line med kommeplanens arealdel skal byggje på mål og strategiar i kommuneplanens samfunnsdel. Planprosessen følgjer same formelle krav som ved utarbeiding av kommuneplanens arealdel.

Ved å utarbeide ein eigen kommunedelplan for Vinstra i staden for rullering av kommuneplanens arealdel, vil fokus i denne omgangen vere retta mot Vinstra, og ikkje mot fritidsbustader i fjellområda og andre tema, som erfaringsvis har fått mykje merksemd i dei overordna planprosessane. Denne planen vil erstatte kommuneplanens arealdel for det aktuelle området, og den bør innarbeidast i arealdelen ved neste revisjon.

Jf. plan- og bygningslova §4-1 og forskrift for konsekvensutgreiing § 6, 1. ledd bokstav a) , skal kommunedelplanar alltid konsekvensutgreiast og ha planprogram. Eit planprogram skal gjere greie for:

- formål med planarbeidet
- avgrensing
- utgreiingsbehov og grunnlag for konsekvensutgreiingar og risiko- og sårbarheitsanalyser
- planprosessen og opplegg for medverknadsprosess og deltaking.

Forslag til planprogram for kommunedelplan for Vinstra går fram av vedlegg 1, og blir med dette lagt fram for 1. gongsbehandling for utval for miljø, landbruk og areal. Det er kommunestyret som fastsett endeleg planprogram.

Planfagleg vurdering:

Hovudformålet med ein kommunedelplan for Vinstra går fram av forslag til planprogram. Fokus vil vere areal for bustader-/leilegheiter, næringsareal, behov for areal for offentlege tenester, som helse, skule og brannstasjon. Samferdsel, infrastruktur, gang-/sykkel- og turvegar/friluftsområde vil også vere vesentlege tema. Det er fleire større temaplanar-/prosjekt som er under arbeid og som vil gå parallelt med arbeidet med denne planen, blant anna skulestrukturprosjektet, sektorplan helse og trafikksikkerheitsplan. Bustadplan er vedteke i 2022 og arbeidet med ny planstrategi og kommuneplanens samfunnsdel skal starte opp dette året. Alle desse planane må sjåast i samanheng, da dei omhandlar tema som direkte vil kunne påverke ein kommunedelplan for Vinstra. Det vil også vere rasjonelt og relevant å nytte- og utveksle kunnskapsgrunnlaget for dei ulike planane.

Det vil vere nyttig å utarbeide ei arealoversikt og vurdere framtidige behov, spesielt areal for bustadformål, ut i frå tilgjengelege kunnskapsgrunnlag om folketalsframskrivingar - og alderssamansetnad. Relevante statlege, regionale og kommunale føringar samt FN's berekraftsmål, skal leggjast til grunn i planarbeidet.

Forslag til plangrense tek utgangspunkt i sentrum av Vinstra og inkluderar eksisterande nærings- og bustadområde på aust- og vestsida av Lågen. Plangrensa følgjer reguleringsplan for Rustmoen i sør og vest for Lågen og inkluderar bustadområdet ved Huskerø. Planområdet tek med seg ny E6 gjennom Lomoen, regulerte næringsområde og Knutsmorka og Eidesand friluftsområde i nord på vestsida av Lågen. Nordaust for Lågen er grensa trekt nord for Bøygen og inkluderar bustadområda i Øvre Vinstra og Toksefeltet. Bustadområda i Sødorp er inkludert, i tillegg næringsareal ved Øya som er avsett i kommuneplanens arealdel. Frå planfagleg side er området lagt opp såpass stort, da det er eit poeng å få med seg "bufferområda" mot sentrum, nærtur- og friluftsområde, samt meire periferare nærings- og bustadareal som heng saman med dei sentrale delane av Vinstra. Forslag til plangrenser går fram av vedlegg 2.

Konklusjonar, mål og strategiar i strategirapporten for Vinstra 2046 byggjer på innspel frå medverknadsverkstader, der politikarar, administrasjon, næringsliv, lag og foreiningar, barn/unge og eldre deltok. I *all* planlegging er det krav til medverknad og involvering. Det vil likevel vere krav til eigne medverknadsopplegg for denne planen. Administrasjonen tilrår å nytte MLA ved behov for politiske avklaringar undervegs. Det vil og vere aktuelt til dømes å ha felles politiske møte for involvering og forankring. Ulike sektorar i administrasjonen vil bli involvert, i tillegg til medverknad frå innbyggjarar.

Kommunedirektørens vurdering:

Mykje aktivitet har skjedd på Vinstra dei siste åra, blant anna som følgje av ny E6 og etablering av nytt handelsområde i Vinstra vest. Dette har også vore følgt opp i kommunale planar, prosjekt Vinstra 2046 og kommunale investeringar og tiltak. Stadsutvikling er ein kontinuerleg prosess, der det er viktig å sjå langsiktig, samtidig som konkrete tiltak blir til undervegs. Kommunedirektøren meiner det er viktig å oppretthalde fokus på vidare utvikling av Vinstra. Positive hendingar for Vinstra vil og vere positivt for områda utanfor sentrum.

I tida framover arbeider kommunen med fleire større planoppgåver, som vil kunne vere premissgjevarar for kvarandre, samt ha konsekvensar for arealbruk -og utvikling. Det er viktig å sjå desse i samanheng, også gjennom denne planen.

Kommunedirektøren i Nord-Fron
Arne Sandbu